



Det er gode meldingar for veret på 17. mai. Kan det bli slik dette bilete syner ?

17. mai programmet er klart for sal. Signe Schineller er hovudtalar i Uskedalen. Minnetalen ved krigsminnesmerke på Stemneplassen vert halden av Viljar Simonnes Tveit. Signe Schineller, bur i Rosendal, er programleiar og interiørstylist i TV Norge. Ho er kjend frå yogakurs, mellom anna i Helgheim i Uskedalen. Viljar var konfirmant i fjor og er elev på Rosendal ungdomsskule. Han er over snitet interessert i friluftsliv med terrengsykling (Enduro) og utforkøyringar på ski. Les kva 17. mai komiteen skriv.

17.mai-komiteen vil i år stetta opp under gratis-prinsippet i større grad enn det som har vore tidlegare. Det vil seia at det vil vere fleire av aktivitetane for borna som er gratis. Difor har vi avgjort at 17.mai-programmet ikkje blir lagt ut på Uskedalen.no i år.

Dei vil bli lagt ut for sal på SPAR og hjå Gro's Blomster som vanleg. 5.klasse vil og gå rundt og selja program i bygda. Dei nummererte programma er lodd i trekning av fine premiar i løpet av dagen. Det vil bli hengt opp plakatar med program på strategiske stader i bygda.

Toget går frå Bautasteinen via Båthamna til Stemneplassen og same veg til skulen. Vi vil og premiere den klassen som lagar best liv under prosesjonen. Det blir ein pengepremie som skal gå til klassekassen.

Hovudtalar for dagen er Signe Schineller.
Minnetale på stemneplassen er Viljar Simonnes Tveit.

Med von om strålende sol, is, brus og pølser til alle.

Helsing
17. mai-komiteen

Tekst: Wermund Vetrhus/Kristian Bringedal
Foto/nett: Kristian Bringdal